

## Følgeskriv til opplegg som deles:

<b>Hvilken skole har delt opplegget?</b> Feios skule
<b>Fag/tema:</b> Naturfag, mat og helse, kroppsøving, norsk. Eit anna viktig mål med dette opplegget er å gi elevane ein god start på skuleåret. Fokus på oppbygging av sosiale relasjonar er særskild viktig.
<b>Anbefalt omfang:</b> 2-4 dagar
<b>Forankres i følgende mål (nasjonale læreplaner etc.):</b> <b>Naturfag:</b> -innhente og bearbeide naturfaglege data, gjere berekningar og framstille resultat grafisk -observere og gi døme på korleis menneskeleg aktivitet har påverka eit naturområde, undersøkje ulike interessegrupper sine syn på påverknad og foreslå tiltak som kan verne naturen for framtidige generasjonar - undersøkje eigenskapar til nokre stoff frå kvardagen og gjere enkle berekningar knytta til fortynning av løysningar <b>Kroppsøving:</b> -utføre varierte og effektive symjeteknikkar over og under vatn -symje ein lengre distanse basert på eiga målsetjing -forklare og utføre livberging i vatn -forklare og utføre livbergende førstehjelp -praktisere friluftsliv i ulike naturmiljø og gjere greie for allemannsretten <b>Matematikk:</b> -velje høvelege måleiningar, forklare samanhengar og rekne om mellom ulike måleiningar, bruke og vurdere måleinstrument og målemetodar i praktisk måling og drøfte presisjon og måleusikkerheit -ordne og gruppere data, finne og drøfte median, typetal, gjennomsnitt og variasjonsbreidd, presentere data, med og utan digitale verktøy, og drøfte ulike dataframstillingar og kva inntrykk dei kan gje <b>Norsk:</b> -samtale om form, innhald og føremål i litteratur, teater og film og framføre tolkande opplesing og dramatisering -vurdere eigne og andre sine munnlege framføringar ut frå faglige kriteriar forklare og bruke grunnleggjande prinsipp for personvern og opphavsrett ved publisering og bruk av tekstar <b>Mat og helse:</b> -planleggje og lage trygg og ernæringsmessig god mat, og forklare kva for næringsstoff matvarene inneheld -vurdere og velje varer ut frå etiske og berekraftige kriterium -skape og prøve ut nye retter ut frå ulike råvarer, matlagingsmetodar og matkulturar -planleggje og gjennomføre måltid i samband med høgtider eller fest og ha ei vertskapsrolle -lage mat for ulike sosiale samanhengar og drøfte korleis mat er med på å skape identitet
<b>Kort beskrivelse av opplegget (hva og hvordan)</b> Elevane får fiske, padle, bade og utforske fjordvatnet i eit naturfagleg perspektiv. Prosjektet gir elevane kunnskapar om naturfenomen, naturressursar, og generelt betre kjennskap til lokalområdet både med tanke på geografi og historie.

### **1. stasjon: Fjordvatn i eit naturvitskapleg perspektiv**

Måling av tidevatn, destillering og koking av saltvatn, undersøking av tettleik. Dei får utdelt diverse utstyr, så skal dei sjølve finne ut korleis dei kan bruke desse gjenstandane til å gjere målingar, vise destilering og tettleik.

### **2. stasjon: fising med stang og garn**

Elevane lærer om ulike fiskeartar som er vanlege i deira lokalområde. Dei lærer å systematisere fiskane etter kjenneteikn, godt dyrevern, utnytte av naturressursar i lokalområdet, sløying av fisk, gjeller samanlikna med lunger, symjebære, reglar for bruk av ulike typar garn og dei lærer om sikkerheit i båt.

### **3. stasjon: padling, symjing og livreddning**

Elevane får prøve å padle i kano og kajakk i eit område som er langgrunt. Dei får også symje, dykke og leike i vatnet. Hovudmålet er at elevane skal bli tryggare i vatnet. Elevane får også ta del i samtalar om korleis ein bør oppføre seg i vatn og kva ein skal gjere dersom det oppstår ein farleg situasjon. Det blir undervist i livberging. Sporlaus framferd i naturen er også eit viktig tema på denne stasjonen.

### **4. stasjon "Grafisk framstilling"**

Elevane framstiller observasjonane av tidevatnet grafisk. Dette blir gjort både digitalt og på papir.

### **5. stasjon "Dokumentasjon"**

Elevane lagar ein film frå prosjektet. Filmen skal dokumentere dei ulike aktivitetane som har blitt gjennomført.

### **6. stasjon "Kortreist mat"**

Elevane får lage ulike middagsrettar som har fisk som hovudingrediens. Middagen blir servert heilt til slutt i prosjektet, og blir såleis ei markering av gjennomføring av "Livet langs fjorden".

#### **Anbefalte ressurser:**

Båtar, kanoar, kajakkar, hjartestartar, livbergingsdokker, fiskeutstyr og garn, IPadar etc.  
Livberginga vert gjort i samarbeid med Raude kors.

#### **Hvilke erfaringer har skolen med opplegget (fra lærere, elever, foreldre etc)**

Elevane får arbeide praktisk. Dei får utnytte og bli betre kjend i eige lokalområde. Dei er særskilt motiverte og hugsar gjennomføringane godt.  
Foreldra melder tilbake at ungane har fått meir interesse for fjorden etter at dette prosjektet starta. Foreldra er hjelpsame og låner ut båtar og garn.  
Som lærarar ser me elevar som er meir motiverte, meir undrande og meir konsentrerte. Me ser elevar som hjelper kvarandre, blir betre kjende med kvarandre og som er meir løysningsorienterte. Samstundes får gjerne dei som har utfordringar i klasserommet, vise meir av sine positive sider her. Ein fin start på skuleåret, der elevane lærer viktig kunnskap samstundes som ein får jobbe mykje med det sosiale. Lærarane lyt organisere og skaffe ein del utstyr. Det tek tid, men det er vel verdt det.

Last opp rapporten i Canvas, og merk den med: [Delt opplegg «+dato»](#)